

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
043/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/224	16/9294

### Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke

#### Saksopplysingar:

Saka er utsett frå kommunestyremøtet 15. juni i år, og skal handsamas på nytt av formannskap og kommunestyre.

Årsaka til utsetjinga er uavklara spørsmål knytt til konsekvensar for uteservering. Rådmannen har gjort ei ny vurdering av saka, og for å sikra at gjeldande praksis og interesser vert ivareteke vert punkt 3.c i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke* endra slik at dette punktet no er:

*Skjenking utandørs følgjer som hovudregel den generelle skjenketida. Dersom tilhøva på staden tilseier det, vil skjenketida for uteservering kunna innskrenkast.*

Dette vil vera i tråd med følgjande tidlegare vedtak:

#### **KS-038/05 Vedtak:**

*Kvalheim Fritidsenter AS får høve til å nytta same skjenketider utandørs som innandørs frå 1. juli 2005.*

#### **KS-006/11 VEDTAK:**

*Skjenketida for uteservering vert dei same som skjenketida innandørs i ein prøveperiode fram til 30.06.2012. Formannskapet får fullmakt til å gjera dette til ei permanent ordning dersom ikkje erfaringar i prøveperioden tilseier noko anna.*

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke vert vedteke slik den ligg føre.

#### **Formannskapet i Radøy - 068/2016**

#### **FS - handsaming:**

Saka er oppe til ny handsaming etter utsetjing i kommunestyret 15. juni i år.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) reiste KrF sitt framlegg frå kommunestyret:  
*Opningstida for alkoholsal i butikk vert sett til kl. 10.00.*

Kenneth Taule Murberg (H) kom med følgjande endringsframlegg under punkt 2:  
*Opningstida for alkoholsal i butikk vert sett til kl. 9.00 på kvardagar.*

Framlegget frå Skartveit Dale fekk ei røyst (KrF) og fall.

Framlegget frå Taule Murberg vart vedteke med 6 røyster mot 1 (KrF).

Formannskapet vedtok rådmannen si tilråding med Kenneth Taule Murberg sitt endringsframlegg i møtet.

#### **FS - vedtak:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre, med følgjande endring i pkt 2a:  
Opningstida for alkoholsal i butikk vert sett til kl. 09.00.

#### **Kommunestyret i Radøy - 043/2016**

##### **KS - handsaming:**

Frode Hervik (V) ønskjer ikkje ytterlegare innskjerping av alkohollova og meiner det ikkje er gode grunnar for å nekta sal av alkohol på julafta og avgrensa opningstid for alkohol i butikk på kvardagar frå kl. 08.00 til kl. 09.00. Han signaliserte at Venstre og Frp ville røysta mot dette.

*På vegne av Venstre og Frp sette Hervik fram følgjande framlegg:*

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre, med unntak av pkt 2e, som vert stroke.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) meiner det er eit viktig signal å vedta forbod mot sal av alkohol på julafta. Ho synest også det er positivt å utsetja sal av alkohol i butikk til kl. 9.00, ikkje minst for å skjerma barn og unge på skuleveg for moglege uheldige episodar i møte med dei som har behov for å skaffa seg alkohol så tidleg på dag.

Framlegget frå Frode Hervik (V) vart sett opp mot formannskapet si tilråding.

Kommunestyret vedtok formannskapstilrådinga mot 4 røyster (Venstre og Frp).

##### **KS - vedtak:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre.

##### **Vedlegg:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke  
Saksdokument frå formannskap og kommunestyret juni  
Skjenketider i Radøy kommune mellombels  
Søknad om utvida skjenketid på terrasse - Kvalheim Fritidsenter AS

